



Jublende gutar med god grunn!

G16-laget fortset å imponera i Norway Cup og no er det gode laget klart for A-finale for 7' ar-lag etter at dei vann over Hammerfest i semifinalen no i føremiddagstimane. Gutane stod på og kjempa knallgodt, og det var ein glade og sliten gjeng som kunne jubla då dommarens bles for full tid!

Resultatet vart etter det eg har oppfatta 4 - 2 til Rosendal/Uskedal etter scoringar av Sondre Myklebust(2), Mathias Guddal og Torstein Myklebust. Ein tredje uskedeling, Marius Myklebust, har også ei sentral rolle på laget.

No vert det jammen spennande å sjå om gutane kjem heim med vinnarpokalen! Det kan vi følgja med på på TV2 sportskanalen. Dei sender kampen kl.14.45.

J13-laget spelar B-finale kl.10.30 i føremiddag.

For ytterlegare oppdateringar anbefaler eg Rosendal TL si facebokk-side.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Rosendal TL